

Referat frå styremøte VH 18.11.24 på Museet

Møtte: Arne Erik Fønhus, Ole Aa Bråten, Ivar Aars, Nils Rogn, Anne Marit Lien Framnes, Toril Grønbrekk, Tore Hovda

Fråverande: Ingebjørg Moe, Jon Bratrud, Tove Grethe Kolstad.

Sak 24/24 Søknadar til Kirkevoldarven

Søknad frå forlaget DÅ Måta om utgjeving av bok om Olav Moe.
Vedtak: kr. 20.000,- til bokutgjeving. Vi ser fram til ferdig produkt.

Sak 25/24 Årboka

Boka er ferdig! Redaksjonen, som har bestått av Nils Rogn, Harald Hvattum, Ole Aa Bråten og Knut Aa Bråten har hatt evalueringsmøte der konklusjonen vart at arbeidet av boka har gått bra og at resultatet er bra. Nils tek på seg jobben for neste årbok. Knut skal flytte og vil sleppe.

Noverande sal:

Vang : Grendemenn sel

Vestre Slidre: Delt ut 40 bøker for vidaresal

Sør Aurdal: Delt ut i butikkar / spør også Bagnsmoen

Nord Aurdal: Delt ut i butikkar

Øystre Slidre: Delt ut i butikk

Etnedal: Delt ut butikk, blir selt i Etnedal Sparebank, av vennelaget Blåflat gard og på julemesse.

Forslag til kva meir vi kan gjere: Stand på Rakfiskfestivalen (dersom boka er ferdig), at alle styremedlemmer aktivt deler på facebook og andre sosiale medier, spørje vennelaget på museet om dei vil selje (Ole spør), stand på museet 1. desember (Skarke), artikkel/annonse i Valdresmagasinet (Nils tek kontakt), spørja avisa Valdres kva det kostar med ¼ side (Ole spør), delta på julemesser i ulike bygder, annonse på Hedalen.no (Arne Erik spør)

Sak 26/24 Vedtekter

Styret er einige om forslag til nye vedtekter og desse sendes lokallaga til høyring, sjå forslag til nye vedtekter i vedlegg. Frist for dei lokale historielaga for tilbakemelding er 01.03.25.

Ivar Aars tok dissens på §4 og ønsker at denne framkjem i forslaget.

Sak 27 /24 Årsmøte våren 2025

Det er Øystre Slidre sin tur til å arrangere årsmøte. Arne Erik tek kontakt med historielaget i Øystre Slidre for å avtale årsmøteopplegg.

Diverse

Ole orienterer om søknadar om tilskot som er sendt eller /skal/kan sendast: markering for 1. utvandring og samle stoff om Ingebjørg Robøle